



Modalen kommune

Sekretariat for kontrollutvalet  
Region Nordhordland

# Årsmelding 2022

## Modalen kontrollutval



## Innhold

1	Innleiing .....	3
2	Rammer for kontrollutvalet sitt arbeid .....	3
2.1	Reglement .....	4
3	Økonomi .....	5
4	Samansetjing av kontrollutvalet.....	5
5	Sekretariat .....	6
6	Revisjon.....	6
7	Aktiviteten i kontrollutvalet i 2022.....	7
8	Kontrollutvalet sine hovedoppgåver .....	7
8.1	Rekneskapsrevisjon .....	7
8.1.1	Årsrekneskap og årsmelding 2021 – kontrollutvalet sin uttale.....	7
8.1.2	Forenkla etterlevingskontroll med økonomiområdet 2021.....	8
8.1.3	Andre saker knytt til rekneskapen – «sjå-til-ansvaret».....	8
8.2	Forvaltningsrevisjon .....	8
8.3	Eigarskapskontroll .....	9
8.3.1	Rapport frå eigarskapskontroll: Eigarstyring i Modalen kommune .....	10
8.4	Andre saker som vart handsama i 2022.....	10
8.4.1	Orienteringar frå rådmannen .....	10
8.4.2	Andre saker frå sekretariatet .....	10
8.4.3	Henvendingar .....	11
9	Opplæring, kurs og utviklingsarbeid.....	11
10	Avsluttande kommentar.....	12

## 1 Innleiing

---

I følgje kommunelova § 23 - 5 skal «kontrollutvalet rapportere resultata av sitt arbeid til kommunestyret.» Kontrollutvalet gjer dette jamt gjennom året ved å sende over saker som skal til handsaming i kommunestyret og leggje fram møteprotokollar som melding i kommunestyremøta.

Kontrollutvalet si årsmelding er utarbeidd som ei samla tilbakemelding til kommunestyret om utvalet si verksemd og kva saker og oppgåver som er tatt opp, drøfta og handsama i 2022.

Årsmeldinga skal også gi eit bilde av utvalet si formelle rolle, instruks, forholdet til revisjonen og sekretariatet.

## 2 Rammer for kontrollutvalet sitt arbeid

---

Kommunestyret har det overordna kontrollansvaret for den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal føre løpende kontroll med kommunen si verksemd på kommunestyret sine vegner.

Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at kommunen sine oppgåver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

**Ansvaret til kontrollutvalet følgjer av kommunelova §23-2 første ledd:**

«Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp»

# Kommunens egenkontroll



*Kontrollutvalet utøver ei rolle i kommunen sin samla eigenkontroll. Illustrasjon: Regjeringen.no*

## 2.1 Reglement

Kommunelova § 5-13 bestemmer at alle folkevalde organ skal ha eit reglement. Modalen kommune har eit reglement for kommunestyret vedteke i kommunestyret 045/08. Det er ikkje utarbeidd eit eige reglement for kontrollutvalet.

## 3 Økonomi

For å utøve funksjonen sin på ein god måte ber kontrollutvalet kommunestyret om økonomiske rammer som gjer den naudsynte aktiviteten for å oppfylle kontrollutvalet sitt mandat mogleg. Kontrollutvalet er etter Forskrift om kontrollutval og revisjon pålagt å utarbeide budsjettforslag for kontrollarbeidet i kommunen.

Kontrollutvalet vedtok framlegg til budsjett for kontrollutvalsarbeidet 2023 i sak 22/22, og sendte dette over til kommunestyret som skal ha dette med seg i si budsjetthandsaming.

Rekneskap kontroll og revisjon Modalen 2022	Rekneskap 2022	Vedteke budsjett 2022	Kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett 2022	Rekneskap 2021
Revisjon	kr 534 578		kr 530 000	kr 514 806
Sekretariat	kr 61 759		kr 68 000	kr 61 618
Møtegodtgjersle KU	kr 61 179		kr 80 000	kr 19 725
Diverse møteutgifter	kr 4 037		kr 6 000	kr 1 261
Kontigenter (FKT/faglit.)	kr 3 700		kr 6 000	kr 3 500
Opplæring kontrollutvalet+reise	kr 25 999		kr 30 000	kr 0
Diverse	kr 1 371			
<b>Totalt</b>	<b>kr 692 623</b>	<b>kr 720 000</b>	<b>kr 720 000</b>	<b>kr 600 910</b>

*Merk: Tala er oppgitt før rekneskapen er endeleg ferdigstilt. Rekneskapstalet for den samla kontrollverksemada i kommunen kjem elles fram av kommunen sin samla årsrekneskap for 2022.*

## 4 Samansetjing av kontrollutvalet

Krav til sjølvstende og nøytralitet i kontrollutvalet sitt arbeid fører til at medlemmene i utvalet ikkje kan ha verv som kan komme i konflikt med arbeidet i kontrollutvalet. Difor er det strenge krav for å vere valbar for medlemmene av kontrollutvalet jf. kommunelova §23-1 tredje ledd.

Kontrollutvalet 2019 – 2023 er sett saman av desse medlemmene:

Medlem	Vara
Sigmund Vikane (leiar)	Aud Almenningen Steinsland
Ove Eidsnes (nestleiar)	Jan Arild Steinsland
Sigrunn Almelid Birkeland	Karianne Neset Nygard
Bjørn Helge Venås	
Linda Tollfsen	

Tom Kristian Thorsen var leiar fram til sommaren 2022, men gjekk ut av utvalet då han flytta frå kommunen. Sigmund Vikane gjekk då inn som leiar.

Karianne Neset Nygard vart valt inn som nytt varamedlem til kontrollutvalet i K-sak 053/22.

## 5 Sekretariat

---

Kommunelova § 23-7 omhandlar sekretariatsfunksjonen til kontrollutvalet. Sekretariatet skal sjå til at sakene som vert handsama av kontrollutvalet er forsvarleg utgreia, og at utvalet sine vedtak vert sett i verk. Sekretariatet skal vere uavhengig av kommunen sin administrasjon og av dei som utfører revisjon for kommunen. Den som utfører sekretariatsoppgåver for kontrollutvalet er direkte underordna kontrollutvalet og skal følgje dei retningslinene og påleggvalet gir.

Kommunen er medeigar i Region Nordhordland IKS (RNI), som har sekretariatsfunksjon for Modalen kontrollutval. Kostnadene for sekretariatet sine tenester vert fordelt etter eigen fordelingsnøkkel. Arbeidsstad for sekretariatet er i RNI sine lokale i Knarvik, Alver. Sekretariatet reiser til kommunen for gjennomføring av møte i kontrollutvalet.

RNI tek i vare sekretariatsoppgåvene for kontrollutvala i seks av eigarkommunane. I inneverande valperiode har selskapet også avtale med Voss herad om sekretariatsfunksjon for Voss kontrollutval. Sekretariatsfunksjonen har til og med 2022 vore rekna til 0,6 årsverk for alle utvala til saman. Frå 2023 vert ressursen utvida til eit fullt årsverk, hovudsakleg fordelt på to tilsette.

Sekretariatet er medlem av NKRF (ein fagleg interesseorganisasjon og eit kompetanseorgan for kontroll og revisjon av kommunal/offentleg verksemd) og Forum for kontroll og tilsyn (FKT). Tilsette knytt til sekretariatet deltek jamleg på aktuelle kurs og konferansar.

Trude Bruket har vore fast utvalssekretær for kommunen i 2022 fram til september. Frå september-22 har Torbjørg Grøttveit Gjerstad hatt sekretariatsfunksjonen for kommunen.

## 6 Revisjon

---

Gjennomføring av tilsyns- og kontrolloppgåvene som ligg til kontrollutvalet sitt ansvar vert hovudsakeleg utført av revisjonen. Kapittel 24 i kommunelova omhandlar revisjon. Revisor skal utføre rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og annan kontroll som er lovbestemt eller bestemt med heimel i lova.

Kommunen er medeigar i, og har avtale om levering av revisjonstenester frå Vestlandsrevisjon IKS. Selskapet har ei avdeling i Knarvik (Alver) og ei på Voss, og leverer samlede lovpålagte revisjonstenester til sine 8 eigarkommunar samt andre kundar i marknaden.

Kostnadene til revisjon er basert på finansieringsmodell vedteke av representantskapet i selskapet. Det er ordførarane i eigarkommunane som utgjer representantskapet. Det er også mogleg å bestille andre prosjekt og oppdrag frå revisjonen.

Oppdragsansvarleg rekneskapsrevisor og revisjonssjef/dagleg leiari er Janne Eraker. Ragnhild Kartveit Høyland og Arne Gilbakken er oppdragsansvarlege forvaltningsrevisorar.

Kontrollutvalet har eit ansvar for å sjå til at det vert gjennomført revisjon av kommunen og at den vert gjennomført etter gjeldande standardar og regelverk. I dette ligg mellom anna at revisor kvart år legg fram eigenvurdering av uavhengigheit, overordna revisjonsplan/revisjonsstrategi og er til stades i møte og orienterer jamleg om arbeidet sitt til kontrollutvalet. Revisjonsselskapet er medlem av NKRF.

## 7 Aktiviteten i kontrollutvalet i 2022

---

Modalen kontrollutval har hatt fem møte i 2022 og handsama 33 (63 saker inklusive formaliasaker, meldingssaker og faste orienteringssaker). Det er planlagt fire møter i 2023.

Ordførar, rådmann og andre frå administrasjonen har delteke i møte for å orientera i ulike saker som er handsama gjennom året. Revisjonen, i form av oppdragsansvarleg revisor for rekneskapsrevisjon eller forvaltningsrevisjon (eller både), har delteke i alle møta i 2022.

## 8 Kontrollutvalet sine hovudoppgåver

---

### 8.1 Rekneskapsrevisjon

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte.

Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

I 2022 handsama kontrollutvalet følgjande saker knytt til kommunen sitt rekneskap:

#### 8.1.1 Årsrekneskap og årsmelding 2021 – kontrollutvalet sin uttale

I møtet 04.05.2022, sak 17/22 handsama kontrollutvalet kommunen sitt rekneskap og kommunen si årsmelding for 2021 og vedtok ein uttale til desse som vart sendt til kommunestyret før formannskapet handsama saka.

Kontrollutvalet sin uttale om årsrekneskapen og årsmeldinga er ei er forskriftsfesta oppgåve, jamfør § 3, tredje ledd, i Forskrift om kontrollutval og revisjon.

### 8.1.2 Forenkla etterlevingskontroll med økonomiområdet 2021

Det går fram av kommunelova § 24-9 at revisor er pålagt å gjennomføre forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga. Kontrollutvalet skal bli orientert om risikovurderinga og resultatet av kontrollen.

I 2022 handsama kontrollutvalet følgjande saker knytt til forenkla etterlevingskontroll:

- Forenkla etterlevingskontroll for økonomiområdet 2021 vart handsama i sak 31/22 og sak 57/22. Temaet var «betaling for langtidsopphald på sjukeheim.»
- I sak 58/22 fekk kontrollutvalet ei munnleg tilbakerapportering frå administrasjonen om deira oppfølging av tilrådingane etter forenkla etterlevingskontroll 2020 med tema sjukelønsrefusjonar.
- Revisjonsplanen (sak 43/22) inneholdt informasjon om risikovurderinga for etterlevingskontrollen som skal gjennomførast i 2023.

### 8.1.3 Andre saker knytt til rekneskapen – «sjå-til-ansvaret»

Kontrollutvalet har, j.f. kommunelova § 23-2, eit «sjå-til-ansvar» ovanfor 1) om rekneskapen vert forsvarleg revidert, og 2) om den økonomiske forvaltninga føregår i samsvar med gjeldande bestemmelser og vedtak. For å utøve dette «sjå-til-ansvaret» har kontrollutvalet hatt følgande andre saker knytt til rekneskapen oppe i 2022:

#### Frå revisor:

- Revisjonsrapport interim 2021 (sak 04/22)
- Stadfesting av revisor si uavhengigheit (sak 42/22)
- Overordna revisjonsstrategi og revisjonsplan (sak 43/22)

#### Frå rådmannen/administrasjonen:

- Orientering om status for årsrekneskapen 2021 i første møte i 2022 (sak 05/22)
- Tilbakerapportering: Orientering om oppfølging av rapport om årsrekneskapen 2021, nr. 17 (sak 45/22)

## 8.2 Forvaltningsrevisjon

Forvaltningsrevisjon er ei av dei lovpålagte oppgåvene til kontrollutvalet (kommunelova § 23-3), og kontrollutvalet sitt hovedverktøy for å utføre systematiske vurderinger av om kommunen etterlever regelverk, oppnår fastsette mål, og om ressursane vert effektivt forvalta.

Minst ein gong i valperioden, og seinast innan utgangen av året etter kommunestyret er konstituert, skal det utarbeidast ein plan over kva område det skal gjennomførast forvaltningsrevisjonar innan. Planen skal baserast på risiko- og vesentlegvurderingar av kommunen si verksemد.

Forvaltningsrevisjon skjer etter kommunestyret sin vedtekne plan for forvaltningsrevisjon.

### **Plan for forvaltningsrevisjon**

#### **I sak 058/20 gjorde kommunestyret følgande vedtak:**

Kommunestyret vedtek plan for forvaltningsrevisjon for 2020 – 2024 med følgjande prioriterte område:

1. Oppfølging av politiske vedtak
2. Etikk, varsling og habilitet
3. Internkontrollsysteem

Uprioritert liste:

- Rekruttering, løn og tilsettepolitikk
- IKT Nordhordland (felles forvaltningsrevisjon av selskap)
- Avvikssystem og oppfølging
- Vassforsyning og vasskvalitet
- Samhandling og oppfølging av tenester levert av andre kommunar
- Offentlegheit, innsyn og personvern
- Kvalitet i skulefritidsordning

I 2022 har kontrollutvalet følgt opp plan for forvaltningsrevisjon gjennom fleire saker. I sak 06/22 fekk kontrollutvalet orientering om rammer for forvaltningsrevisjonen og diskuterte planen. I sak 35/22 bestilte kontrollutvalet framlegg til prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjekt med tema «Oppfølging av politiske vedtak». Prosjektplanen vart handsama og vedteken i sak 44/22. Kontrollutvalet fekk ei statusoppdatering om oppstart av forvaltningsrevisjonsprosjektet i sak 56/22 30.november 22.

## **8.3 Eigarskapskontroll**

### **Plan for eigarskapskontroll vart handsama med følgande vedtak i kommunestyret i sak 057/20:**

Kommunestyret vedtek plan for eigarskapskontroll for 2020 – 2024 med følgjande prioriterte område:

1. Eigarstyring i Modalen kommune

Uprioritert liste:

- Modalen-Eksingedalen Billag AS
- IKT Nordhordland Kommunalt Oppgåvefellesskap

Kommunestyret delgerer mynde til kontrollutvalet til å gjere endringar i planen, i samsvar med kommuneloven § 23-3.

Kontrollutvalet er også pålagt og sjå til at det vert ført kontroll med forvaltinga av kommunen sine interesser i selskap m.m. Kontrollutvalet skal også her utarbeide ein plan for gjennomføring av eigarskapskontroll i kvar periode.

### 8.3.1 Rapport frå eigarskapskontroll: Eigarstyring i Modalen kommune

I 2022 har kontrollutvalet følgt opp eigarskapskontroll i sak 46/22. Her fekk kontrollutvalet orientering om rapporten «Modalen Næringsbygg – en vurdering foretatt av Industriutvikling Vest»

## 8.4 Andre saker som vart handsama i 2022

### 8.4.1 Orienteringar frå rådmannen

I samband med arbeidet til kontrollutvalet vel ein ofte å be administrasjonen om orienteringar. Desse kan vera knytte til dei faste oppgåvane jamfør lov og forskrift, men også andre tema og saker etter ynskje frå kontrollutvalet. Dette kan gje kontrollutvalet eit grunnlag for å vurdere om eit saksfelt er tilstrekkeleg belyst, eller om det er behov for ytterlegare oppfølging og undersøking.

I 2022 handsama kontrollutvalet følgande orienteringssaker frå rådmannen ut over dei som var knytte til forvaltningsrevisjon og rekneskapsrevisjon:

- 19/22 Orientering om rapporteringsprosedyrar for tilskotsmottakarar frå næringsfondet
- 33/22 Orientering om organisering, struktur, lokalisering av dagsentertilbodet for eldre
- 57/22 Tilbakerapportering: Orientering om planen «Leve heile livet i Modalen»
- Aktuelt i Modalen kommune – fast bestilling til rådmann og ordførar

### 8.4.2 Andre saker frå sekretariatet

- 08/22 Årsmelding for Modalen kontrollutval 2021
- 09/22 Årsmelding for kontrollutvalssekretariatet i Region Nordhordland (RNI) 2021
- 21/22 Rekneskap for kontrollutvalsarbeidet 2021
- 22/22 Budsjett kontrollutvalsarbeidet 2023
- 61/22 Møteplan 2023

Faste saker i kvart møte har vore:

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Godkjenning av møteprotokoll
- Meldingssaker
- Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval
- Eventuelt

#### 8.4.3 Henvendingar

Kontrollutvalet mottek også av og til henvendingar frå privatpersonar, organisasjonar, politikarar og andre. Henvendingar sendt til kontrollutvalet vert fortløpande vurdert og lagt fram for kontrollutvalet som vurderer eventuell handsaming.

Sjølv om kontrollutvalet normalt sett ikkje handsamar enkeltsaker, er henvendingar, og handteringa av dei, viktig for kontrollutvalet si tillit i befolkninga. I sak 48/22 drøfta kontrollutvalet den nye [rettleiaren for henvendingar frå FKT](#) og gjorde vedtak om å nytte denne i arbeidet, og vedtok også ei lokal rutine for sakshandsaming av henvendingar.

Vedtaket i saka var:

1. *Kontrollutvalet ynskjer å nytta «Veileder, Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget» utforma av Forum for Kontroll og Tilsyn (fkt.no) i arbeidet vidare.*
2. *Kontrollutvalet vedtek den framgangsmåten for sakshandsaming av henvendingar som sekretariatet har føreslege i saksframlegget. Denne føl forslaget til framgangsmåte frå FKT sin rettleiar.*

Lokal retningslinje for sakshandsaming av henvendingar er:

- *Sekretariatet gjer ei vurdering av innhaldet i henvendinga. Spørsmåla i «trafikklysmodellen» frå FKT sin «Veilder – Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget, 2022» kan vere eit eigna hjelpemiddel.*
- *Dersom henvendinga openbart er utanfor kontrollutvalet sitt mandat, svarer sekretariatet avsendar og legg henvendinga og svaret fram for kontrollutvalet til orientering. For å ivareta personvern vil sekretariatet frå sak til sak vurdere om heile henvendinga og heile svaret vert lagt ved sakspapir, eller om saka vert kortfatta oppsummert og presentert gjennom ein anonymisert tekst. Inntil sekretariatet får på plass eit betre system for å legge fram dokument unntake offentlighet for utvalet vurderer sekretariatet at den siste løysinga ofte er best. Den sikrar openheit også for ålmenta gjennom opne sakspapir.*
- *Henvendingar som ikkje openbart er utanfor kontrollutvalet sitt mandat, drøftar sekretariatet med kontrollutvalet sin leiar som avgjer om henvendinga skal setjast opp som sak på sakslista.*
- *For henvendingar som skal på sakslista, gjer sekretariatet ei vurdering av innhaldet i henvendinga og kjem med eit forslag til kontrollutvalet om korleis den kan handterast, i tråd med vanleg saksførebuing.*

## 9 Opplæring, kurs og utviklingsarbeid

---

I årsskiftet 2021/2022 vart det gjennomført ei eigenevaluering i form av ei digital spørjeundersøking for medlemmene i alle kontrollutvala som RNI har sekretariatoppgåva for. Målet med undersøkinga var å jobba med forbetring og utviklingsarbeid i både utvalet og sekretariatet i 2022.

Kontrollutvalet har følgd opp evaluering- og utviklingsarbeidet i følgande saker i 2022:

- 10/22 Orientering om resultat av kontrollutvalet si eigenvurdering undervegs i perioden 2019 – 2023.
- 30/22 Oppfølging av kontrollutvalet si eigenvurdering undervegs i perioden 2019 – 2023: tema rolle og samspel med kommunestyret
- 48/22 Handtering av innkomne saker (henvendingar) – rettleiar og drøfting

Kontrollutvalssekretariatet inviterte til ei fagsamling for kontrollutvalsleiarane i regionen 18.1.2022. På grunn av koronarestriksjonar vart denne ei digital samling. Tema var kontrollutvalet sin uttale til årsmelding og årsrekneskapen og drøfting av tema basert på den nyleg gjennomførte internevalueringa.

Det har ikkje vore organisert andre opplærings- og kurstilbod i eigenregi frå kontrollutvalssekretariatet i 2022, men gitt informasjon om moglegheiter til å delta på kurs i regi av til dømes Vestland fylkeskommune, NKRF og Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT).

To medlemmar frå kontrollutvalet har delteke på folkevaldskonferanse retta mot kontrollutvalsmedlemmer i regi av Vestland fylkeskommune 15.-16. februar 2022 på Solstrand. Eit medlem har delteke på FKT sin fagkonferanse 8.-9. juni 2022.

FKT er ein medlemsorganisasjon for både kontrollutval og sekretariat med kompetanseheving som føremål. Modalen er medlem i FKT.

## 10 Avsluttande kommentar

---

Årsmeldinga er ei oppsummering av verksemda i kontrollutvalet i 2022 sett i lys av lovpålagde oppgåver og planar som er lagt. Kontrollutvalet sine saker ligg offentleg tilgjengeleg på kommunen sine heimesider: [Møteplan 2023 - Modalen kommune \(sing.no\)](#)

Kontrollutvalet sitt arbeid skal bidra til å styrke tilliten til lokaldemokratiet og medverke til å realisere dei overordna måla i kommunen.

Det er viktig at det er god dialog, forståing og ansvars- og oppgåvedeling mellom utvalet, sekretariatet og revisjonen.

Det er også viktig med ein god dialog og eit godt samspel med rådmannen for å sikre god prioritering og planlegging av kontrolloppgåvene.

Kontrollutvalet vil takke for alle orienteringar og god kommunikasjon med administrasjonen, kommunestyret, revisjonen og sekretariatet i året som er gått.